

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2022/980-1

**Saksbehandlar**

Mette Hjelmeland

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2022/18	Forvaltningsutvalet	09.02.2022

## Nytt vegnamn - Kvinnherad Arena - Husnes - Jens Røsland-vegen

### Innstilling frå kommunedirektøren:

Vegen tar til i Opsangervegen og går nordover til planlagde Kvinnherad Arena. Veggen får adressenamnet «Jens Røsland-vegen».

### Forvaltningsutvalet si behandling i møte den 09.02.2022:

#### BEHANDLING:

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteken.

#### VEDTAK:

***Vegen tar til i Opsangervegen og går nordover til planlagde Kvinnherad Arena. Veggen får adressenamnet «Jens Røsland-vegen».***

#### Vedlegg:

20.05.14.-Namneforslag Jens Røslands veg.pdf

20.05.14.-Vedlegg Jens Røslands veg.pdf

Tilråding – Jens Røslands veg eller Jens Røsland-vegen.pdf


Tilråding av nytt vegnamn – Jens Røslands veg – Kvinnherad kommune.pdf

#### Samandrag/Saka gjeld:

I samband med bygging av Kvinnherad Arena, og ny tilkomstveg, er det komme inn forslag om nytt vegnamn. Det opprinnelege namnet kommunen mottok forslag på var Jens Røslands veg. Saka har vore på lokal høyring, og på tilråding hos Språkrådet. Språkrådet ber kommunen heller vurdere å la veggen få namnet Jens Røsland-vegen. Det er ikkje kome inn andre forlag.

**Saksutgreiing:**

Den 18.05.2020 mottok kommunen e-post med forslag om nytt vegnamn på tilkomstvegen til planlagde Kvinnherad Arena. Den gong med forslaget Jens Røslands veg. Saka vart deretter sendt til Språkrådet for tilråding. Språkrådet tilrår å bruke namnet Jens Røsland-vegen. Vegnamnet vart kunngjort med lokal høyring, i 2 lokale aviser. Fristen for å komme med merknader vart satt til 2 månader. Ingen merknader, eller andre forslag, kom inn i saken. Jens Røsland (1894-1970) vaks opp på Røsland, og har hatt mykje å seie for Husnes samfunnet. Innsendaren av namneforslaget meiner at Jens Røsland skal ha mykje av æra for at Sørøl vart etablert på Husnes, og meiner elles at det er på høg tid at heidersmannen får namnet sitt festa til ein veg på Husnes. Kartet under syner veggen.



**Økonomisk berekraft:**

Ca 3 500 kr/skilt

**Miljø og klima berekraft:**

ingen

**Konklusjon**

Kommunen meiner det er tilrådeleg å kalle den nye vegen «Jens Røsland-vegen». Ingen andre forslag er mottekne og språkrådet tilrår namnevalet.